



## **Vedlegg 2 til Lkf - SAK 51/15: Om gravplassforvaltninga**

### **Samandrag**

Lindås kyrkjelege fellesråd gjer framlegg om nye satsar for avgifter og gebyr knytt til gravplassforvaltninga. Dei satsane som gjeld no er frå 2008, og det er lita tvil om at utviklinga på dette området har vore stor i denne perioden.

Lindås kyrkjelege fellesråd har henta inn opplysningar om motsvarande satsar frå eit utval kommunar i distriktet som det er naturleg å sjå i retning av.

Jfr. Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (GL) §21, er det kommunestyret som fattar endeleg vedtak om satsar for festeavgifter og andre avgifter for gravferds-forvaltninga etter framlegg frå kyrkjeleg fellesråd.

Lindås kyrkjelege fellesråd har i møte 16. juni 2015 godkjent framlegg til nye satsar for avgifter og gebyr i samband med gravplassforvaltninga. Dei nye satsane vert innført trinnvis over to år, første gong frå 1. januar 2016 jfr. vedlegg 1.

### **Bakgrunn**

Gravplassforvaltninga i Noreg er eit offentleg ansvar. Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (GL) legg til grunn at det er kommunen som har ansvar for at det er avsett tilstrekkeleg areal til gravplasser i kommunen; utrekna slik at det til ein kvar tid skal vere ledige graver til minst 3% av befolkninga.

Lova legg vidare opp til at det er kyrkjeleg fellesråd som har forvaltningsansvar for gravplassane, jfr. GL §3. Fellesrådet får dermed ansvar for at dei administrative systema og rutinane i samband med jordfesting og seremoniane fungerer etter hensikt.

Jfr GL §3 skal «Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplassar utreiast av kommunen etter budsjettframlegg frå kyrkjeleg fellesråd».

Gravplassforvaltinga er altså heimla i lov, men lova har og eiga forskrift, og lova føreset vidare at ein utarbeidar eigne vedtekter for gravplassane i ein kommune, som gjer høve til særskilde reglar og avgjerder med lokalt tilsnitt.

### **Rett til grav**

Avdøde personar, som ved dødsfallet hadde bustad i ein kommune, har rett til fri grav på offentleg gravplass i denne kommunen. Etter 20 år kan denne graven nyttast til ny gravlegging dersom vedtektene for gravplassen ikkje seier noko anna. Ein kan vedta lengre fri-periodar på grunnlag av klimatiske tilhøve eller spesielle tilhøve på staden.

Dersom pårørande ønskjer det, kan ein etter nærare regler inngå festeavtale for ei eller fleire graver i ein periode når fri-perioden er gått ut. Denne kan dei fleste stader forlengast fleire gonger, oftast inntil ein totaltid. Denne er i Lindås 60 år etter siste gravferd, jfr gjeldande vedtekter. Slik festeavtale kan etablerast mellom fellesrådet og ein representant for dei pårørande som då får nemninga «festar av grava».

GL krev at det er ein person som i skriftleg form fremmer begjæring overfor fellesrådet om at den avdøde blir gravlagt. Dette skjer oftast gjennom det byrået som rettleiar dei pårørande i samband med dødsfallet og gravferda. Den personen som fremmer denne begjæringa, nemnast som «ansvarleg for grava» i fri-perioden.

I fri-perioden vil grava ikkje koste «ansvarleg for grava» noko. Dersom ein ønskjer å plassere eit minnesmerke på grava, kan ein gjere det etter nærare regler (om storleik og symbolbruk) for eiga rekning.

Dersom ein vel å inngå festeavtale etter at fri-perioden er avslutta, gjer ein dette mot avgift. Denne avgifta vert vedteke i kommunestyret etter framlegg frå kyrkjeleg fellesråd.

### **Reservasjon av grav**

Dersom lengst-levande ektefelle eller andre som har eit nært tilhøve til avdøde (søsken) ønskjer det, kan ein ved eit dødsfall reservere kistegrav ved sida av grava til avdøde. Denne vil då stå unytta til den som har reservert ho, døyr. To (eller fleire) graver som på denne måten «høyrer saman», nemnast ein gravstad.

Den som reserverar ei grav slik, må svare ei avgift for perioden som motsvarar fri-perioden. Slik kan ein sei at den som ønskjer å reservere ei

grav på denne måten, seier frå seg retten til fri grav. Dersom den reserverte grava står unnytta etter at fri-perioden er ute, må ein svare ny avgift om ein framleis ønskjer å reservere denne grava.

### **Grav for andre enn kommunen sine innbyggjarar**

For avdød person som ikkje hadde bustad i kommunen ved dødsfallet eller rimeleg tid før, kan det søkjast om grav. Slik søknad vert å sende fellesrådet i kommunen.

Avdød person som ikkje hadde bustad i kommunen som nemnd over, får ikkje fri-periode, og må svare festeavgift frå dag ein. Det er også vanleg at ein må svare eit ein-gongs beløp for sjølve grava, ettersom det kostar å opparbeide ei grav, og kommunen sine økonomiske forpliktingar i hovudsak er knytt opp mot eigne innbyggjarar.

Dette eingongs-beløpet blir også vedtatt av kommunestyret etter framlegg frå kyrkjeleg fellesråd.

### **Kremasjon og urne-grav**

Krava som gjeld for krematorium er etter kvart så strenge at det i praksis berre finnast eit avgrensa tal fordelt utover landet. Dette kan føre med seg kostnader til frakt i tillegg til den avgifta som gjeld for kremasjonen. Pr i dag må pårørande dekkje desse kostnadane.

Ei urne-grav er halvparten så stor som ei kiste-grav, og rommar fire urner. Ei urne-grav blir derfor billegare enn ei kiste-grav, med større kapasitet. Kremasjon er likevel ikkje så vanleg på bygdene som i byane.

### **Minnelund**

Det er av ulike grunner ønskjeleg å oppmode ikkje berre til kremasjon ved dødsfall, men og at fellesrådet legg til rette for etablering av minnelundar. Dette er i praksis eit avgrensa område på ein gravplass, gjerne i samband med ei sitte-gruppe eller liknande, der ein setter opp monument med plass for fleire ti-tals minneplater. Den einskilde grava er derfor ikkje merka med eit eige minnesmerke. Ein kan ha minnelundar for både kiste- og urnegraver. Om ein ser på effektiv bruk av areal vil minnelund kome høgt opp. I tillegg vil ein minnelund høve svært godt for pårørande som bur andre stader, og ikkje har høve eller kan hende interesse for å stelle eit gravsted. I



dagens digitale røynd med sosiale media er det lett å leggje til rette for alternative markeringar med virtuelle «blomar på grava». Då er den fysiske grava av mindre interesse.

### **Festar sine rettar og pliktar**

Ein som festar ei grav eller eit gravsted, har rettar og pliktar knytt til dette. Ein kan innan dei rammer som vedtektene gjer, plante og legge til rette som ein vil, og anskaffe gravminne av ulik type. Festar står då ansvarleg for dei val og installasjonar som ein har gjort. Viktig her er mellom anna at eit gravminne oftast består av to delar; sokkel og sjølv gravminnet. Dersom eit gravminne losnar frå sokkelen eller frå jordsmonnet det står i, er det festar si plikt og rette opp i dette, og bere kostnaden ved dette. Fellesrådet kan bistå med slike utbetringar mot gebyr.

### **Økonomiske tilhøve i gravferdsforvaltninga**

I tidlegare tider var ein gravplass meint å vare til dommens dag. I dag har ein i mykje større grad forvaltning av gravplassane for øye; med dei følgjer at ein legg mykje større innsats i så vel anlegg og gjenbruk som vedlikehald. Avhengig av grunntilhøve og jordsmonn reknar ein i dag med ein anleggskostnad på rundt 30.000 pr grav ved eit ny-anlegg, med ein utnyttingsgrad av areala på rundt 40%. Dette heng saman med at ein gravplass i dag også har preg av park; med vegar, større plantar og gjerne ein benk eller to.

Sett frå fellesrådet si side er økonomien i samband med gravplassforvaltninga delt i tre:

1. kostnader knytt til anlegg / nyanlegg og omlegging / gjenbruk. Det syner seg at kostnadane knytt til omlegging / gjenbruk av eit område på ein gravplass ofte er overraskande høge, relativt sett. Dette heng saman med at eldre gravplassar skjeldan er lagt til rette med drenering og høvelege masser, slik at jorda ofte er vasstung og klumpete, med stein og leire som gjer dårlege vilkår for så vel gravemaskin som mikroorganismar.

Lindås kyrkjelege fellesråd har i åra 2012 – 2014 hatt omlegg / tilrettelagt for gjenbruk med utskifting av masser på Vikanes gravplass, Hundvin gravplass og Lindås øvre gravplass ved kyrkja, i tillegg til nyanlegg på Hjelmås gravplass; totalt ca 330 nye graver. For utbygginga av Hjelmås i 2014 og til deler av Lindås gravplass som og vart utført i 2014 fekk ein øyremerkte investeringsmidlar avsett i

kommunen sin økonomiplan som dekte trongen. Dei utbetringane som har vore gjort før det har gått av den årlege ramma frå kommunen, og har tatt så stor del av denne at vedlikehald av kyrkjebygga har vorte skadelidande.

2. kostnadar knytt til vedlikehald. Her er det å sei at ein på starten av 2000-talet hadde fleire stillingar knytt til gravplassdrifta enn i dag, men ein har også fått betre og oppdatert utstyr slik at ein i dag har godt utstyr til arbeidet. Samstundes er talet på gravferder og særleg samla areal som skal haldast ved like auka monaleg. Vi har i denne perioden fått ein heilt ny gravplass (Knarvik) og fleire utvidingar av eksisterande anlegg (m.a. Seim og Hjelmås), og erkjenner at bemanninga vår ikkje er større enn den må vere. Vi har i dag 3 årsverk inkludert sesonghjelp (2 mann i 6 mndr) innanfor dette området.
3. kostnadar knytt til administrasjon. Lindås kommune har i dag 13 gravplassar i vanleg bruk. Samla bruk av administrative ressursar har auka i seinare år; dette har samanheng med auka tal på gravferder, men og noko tidsforbruk knytt til planlegging / prosjektering av utbetring / omlegging samt ei erkjenning av at vi har eit visst etterslep på dette området. I dag utgjer administrasjon av gravplassforvaltninga 50 – 60% av ei stilling ved administrasjonen.

Lindås kyrkjelege fellesråd har henta inn prisar for motsvarande tenester frå kommunane rundt oss, og erkjenner at vi sidan 2008, då desse satsane sist var justerte, har plassert oss nokså langt nede på listene i denne samanhengen.

Lkf finn det derfor ikkje naudsynt å rette nokon annan førespurnad til Lindås kommunestyre enn godkjenning av oppjustering av dei satsane som gjeld på dette området.

Ein viser til vedlegg, som omfattar oversyn over dei satsane det er snakk om, først slik dei er i dag i Lindås, deretter slik fellesrådet no gjer framlegg om og til slutt eksempel frå kommunar rundt oss.

Knarvik, 15. oktober 2015



Kyrkjeverje i Lindås